	2014	2016	2018																										
Sykkylven	33	35	37																										
Fylket	39	41	42																										
Landet	45	47	47																										
Kulturskuletilbod	Elevplasser: 293 Tal disipliner: 24 21% av elevane i grunnskulealder er elevar i kulturskulen. Dans - Hip-hop er største disiplin Årsverk: 4,58																												
Kulturindeks (Telemarksforskning 2018)	Norsk kulturindeks totalrangering av landets kommunar, plasserer Sykkylven på 229-plass i 2018. I 2016 var Sykkylven på 262-plass i landet. I 2012 låg Sykkylven på 330-plass. Norsk kulturindeks er ein årleg oversikt over kulturtilbod og kulturaktivitet i norske kommunar, regionar og fylke. Indeksen er basert på registerdata frå	<div style="text-align: center;"> <h3>Kulturindeks Sykkylven 2018</h3>  <table border="1"> <caption>Kulturindeks Sykkylven 2018 - Data from Radar Chart</caption> <thead> <tr> <th>Kategori</th> <th>Verdi</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td>Kunstnere</td><td>123</td></tr> <tr><td>Fødselighet</td><td>113</td></tr> <tr><td>Tidningar</td><td>291</td></tr> <tr><td>DKS</td><td>203</td></tr> <tr><td>Kulturskole</td><td>198</td></tr> <tr><td>Scenekunst</td><td>225</td></tr> <tr><td>Bibliotek</td><td>330</td></tr> <tr><td>Kino</td><td>129</td></tr> <tr><td>Konserter</td><td>338</td></tr> <tr><td>Museum</td><td>193</td></tr> <tr><td>Kulturarbeidare</td><td>233</td></tr> <tr><td>Totalt</td><td>229</td></tr> </tbody> </table> </div>		Kategori	Verdi	Kunstnere	123	Fødselighet	113	Tidningar	291	DKS	203	Kulturskole	198	Scenekunst	225	Bibliotek	330	Kino	129	Konserter	338	Museum	193	Kulturarbeidare	233	Totalt	229
Kategori	Verdi																												
Kunstnere	123																												
Fødselighet	113																												
Tidningar	291																												
DKS	203																												
Kulturskole	198																												
Scenekunst	225																												
Bibliotek	330																												
Kino	129																												
Konserter	338																												
Museum	193																												
Kulturarbeidare	233																												
Totalt	229																												
<p>Eksisterande helsefremmande og førebyggjande tiltak:</p> <p>Sykkylven arbeider etter BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats) frå Helsedirektoratet, saman med KoRus Midt, med spesielt fokus på familiar/barn i risiko.</p> <p>Sykkylven er ein TIBIR-kommune (Tidleg Innsats for Barn I Risiko) med støtte frå NUBU (Nasjonalt Utviklingssenter for Barn og Unge) med fokus på kompetanseheving og konkrete tiltak for å støtte tilsette i kommunal sektor når det gjeld foreldrerådgeving etter PMTO-modellen.</p> <p>Fleire tverrfaglege samarbeidstiltak mellom barnehage, skule, fysioterapeut/ergoterapeut, helsestasjon, PPT, barnevern, bu- og rehab. som er retta mot barn og unge. Nokre av desse satsingane er: MOT, Solid Start Sykkylven, Helsestasjon for ungdom, foreldrerettleiing gjennom COS-P, ICDP, PMTO-terapi, foreldrerådgeving og konsultasjon i barnehagar og skulen etter PMTO-metoden.</p> <p>Alle skulane og barnehagane har fagteam der helsestasjon, PPT og barnevern møter saman med barnehagane/skulane og drøfter ulike problemstillingar knytt til barn/elevar. Tverrfagleg blick.</p> <p>Rusførebyggjande team arbeider førebyggjande i 7. trinn som supplement til skulane sine opplegg rundt rus og avhengigheit. Skulevegringsteamet vert koplå inn i saker der barn og unge har stort fråvere frå skule.</p> <p>Solid Start Sykkylven er ei stor felles satsing i alle barnehagar, både private og kommunale. Har grunnlag i forskning. Planlegginga starta i 2015. Implementering i 2017. Fokus på livsmestring og helse. Målsetjinga er at alle barn gjennom systematisk satsing på grov-, fin- og sansemotoriske aktivitetar ikkje berre får ein fysisk helsemessig gevinst, men at det også får positiv effekt på lese-/skriveferdigheiter, åtfærd, psykososial utvikling m.m. Opplegget skjer i nært samarbeid med fysioterapeut og ergoterapeut.</p> <p>Psykolog 200 % stilling.</p> <p>Oppfølgingsteneste (OT) for elevar i vidaregåande skule i samarbeid med Stranda kommune.</p> <p>Sykkylven kommune er MOT-kommune: MOT er etablert i ungdomsskulen.</p>																													

Fleire «Inn på tunet» - prosjekt.

Fjøre til fjells – aktivitetstilbud for alle – 8-900 deltakere kvart år.
Kommunen melder seg inn i Sunnmøre friluftsråd fra 2020. StikkUT avløyer Fjøre til fjells.

Kulturelle møteplasser som kulturhus, grendehus og bibliotek.

Open storhall, tilbud til ungdom fra 13 år og oppover, kvar fredag.

Fredagsklubben for barn 11-13 år.

Idrettsarenaer; idrettshall, fotballbaner, friidrettsbane, kunstgrasbane, klatrehall, squashbane, lysløyper, turstier, løypetrakking, alpinanlegg, motocrossbane, skyteanlegg, svømmebasseng, friluftsbad, mm.

Kvardagsrehabilitering i pleie og omsorg.

Pleie- og omsorgstenesta samarbeider med lokale lag og foreningar, som pårørende forening, LHL og Røde kors.

Samarbeid med Brukarorganisasjonane.

Sykkylven kommune, saman med mange bedrifter i kommunen, er IA-bedrift.

Fønix – friviligsentral – ulike helserelaterte kurs, lågterskel møteplass, språkkafé, mm.

Huset – elevbedrift Sykkylven vidaregåande skule, kafé, møteplass.

Kino.

5. Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Ei rekke miljøtilhøve har effekt på helsa. Døme er drikkevasskvalitet, luftkvalitet, grad av støy, sykkelvegnett og kvalitetar ved nærmiljøet som tilgang til friområde, friluftsområde, osb. Oversikt over infeksjonsepidemiologiske tilhøve i kommunen etter smittevernlova §§7-1og 7-2 bør samordnast med oversikt etter folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa og kome inn under biologiske faktorar. Sosialt miljø kan omfatte organisasjonsdeltaking, valdeltaking, kulturtilbod, sosiale møteplassar osb. Med omgrepa fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø vert det referert til kap.3 i folkehelselova. (IS-2110)

Status: Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø.		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Drikkevatt (FHI)	Om lag 90% av befolkinga som får vatn frå godkjenings-pliktig vassverk, likt med fylke og landet. Kommunalt vassverk forsyner ca 52% av innbygarane. Hygienisk stabilitet 2018 Sykkylven 94,9% Fylket 84,6 Landet 93,8 Leveringsstabilitet 2018 Sykkylven 88,3% Fylket 89,5 Landet 92,7	Vassverka har god drift og jamnlege kontrollar i samsvar med Drikkevassforskrifta. Overflatevatn som vassskjelde kan auke risiko for bakterieførekomst. Sykkylven energi arbeider kontinuerlig med oppgradering av ledningsnett for å forbetre leveringsstabiliteten og hygienisk kvalitet.	Sjukdomsfare ved bakteriesmitte, t.d. E.coli i vatnet. Kokevarsel.
Luftkvalitet (konsetrasjon av fint svevestøv) (FHI)	2016 2017 2018 Sykkylven: 2,6 2,2 2,8 Fylket: 3,2 2,7 3,3 Landet: 5,0 4,3 5,4		
Radon Maksimumsgrenseverdi for radon i bygg er 200 Bq/m ³ . Tiltaksgrensa er på 100 Bq/m ³ (årsmiddelverdi).	Det er gjort målingar på kommunale skular, barnehagar, institusjonar og kommunehus. Gjennomsnittleg årsmiddelverdi på 33 målepunkt er 15 Bq/m ³ . Høgaste verdi er 55.	Berggrunnen i Sykkylven består i hovudsak av gneis (Berggrunnskart NGU), ein bergart som inneheld lite radon.	
Gang- og sykkelveggar, tal km tilrettelagt for syklande som kommunen har ansvar for pr. 10.000 innb. (KOSTRA-tal 2017)	Sykkylven: 27 km Kostra-gruppe 07: 17 km Møre og Romsdal: 17 km Det er ikkje tal for kor mange som nyttar seg av gang- og sykkelvegane. Kommunen har ansvar for g/s-veg langs kommunal vegar. Langs fylkesveg er det Møre og Romsdal fylkeskommune som har ansvar for gangveggar.	Manglande utbygging skuldast manglande pengar og derav nedprioritering, både i kommunen og frå fylkeskommunen.	Ved manglande gang- og sykkelveggar brukar fleire vaksne bil, og fleire barn vert køyrt til skule- og fritidsaktivitetar. Auka trafikk gir auka sjanse for ulukker. Redusert moglegheit for fysisk aktivitet i kvardagen.
Tilgang til rekreasjons- og nærturareal for busette i tettstadar (SSB 2018)	Alle aldrar samla: 41% oppgir trygg tilgang til rekreasjonsareal (56% er snittet for M&R). Gruppa under 20 år - 44% (fylket 59%)	??	Tilgang til natur gir moglegheit til lek og fri utfolding, kreativitet og fysisk aktivitet for alle aldersgrupper.

	64% oppgir trygg tilgang til nærturterreng (60% for fylket)		Friluftsliv er styrkande for fysisk og mental helse. Enkle friluftaktivitetar utgjer også ein viktig møteplass.
Nærmiljø/bumiljø	Leikeareal inngår i alle arealplanar. Kommuneplan definerer standard og minstekrav til leikeareal. Krav vert tilpassa felles norm utarbeida av frå fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det er bustadfelt i alle krinsane. Nærbutikk-møteplass finns i Ramstaddal, Velledalen, Hundeidvik, Straumgjerde og på Ikorntnes.	Er underlagt retningslinjer. Norm/retningslinjer for leikeareal er oppfylt. Naturgjevne tilhøve(rasfare, flaumfare, mm) set avgrensingar for kvar det kan etablerast bustadområde. Nærbutikkane fungerer som ein viktig møteplass for nærmiljøet. For lita omsetning kan true drifta og føre til nedlegging.	Sikrar ein felles minstestandard på leikeareal i heile kommunen. Levedyktige lokalsamfunn. Færre møteplassar går ut over det sosiale miljøet. Vil spesielt ramme barn, eldre og uføre som ikkje køyre bil, og som i dag bur i gåavstand til butikken.
Skule/fritid – mobbing (Ungdata 2017, Elevundersøking 2016/17)	Ungdata 2017: 9% av elevane ved ungdomsskulen opplever å bli mobba. I 2016/2017 opplevde 1,2 % av 10.klassingane å bli mobba. Dette ligg 0,1 % under både dei nasjonale tala og tala for M&R fylke. For 7. trinn ligg Sykkylven på 1,5 %, dette er 0,2% over både nasjonale tal og tala for fylket.	Tala gjeld både skule og fritid. Mobbing via sosiale medium aukar førekomsten. Samansette og komplekse forklarings ligg bak kvifor elevar vert utsett for mobbing. Det kan vere faktorar i læringsmiljø, nærmiljø og heimemiljø. Både isolert og i samanheng. Sosiale media bidreg til at mobbing og krenkande åtferd føregår i større omfang utanfor skulemiljøet og til alle tider på døgnet. Førebyggjande arbeid, haldningsskapande arbeid og konkret arbeid har sterkt fokus på skulane.	Psykiske vanskar, sosial isolasjon, fysiske skadar, utanforskap, krevjande læringsmiljø, mm. Feil kroppssoppfatning og dårlig sjølvbilde.
<p>Eksisterande helsefremmande og førebyggjande tiltak:</p> <p>Gode driftsrutinar på vassverk.</p> <p>Sikre nedbørsfelt gjennom oppdaterte arealplanar med restriksjonar på arealbruk i nedslagsfelt for vasskjeldene.</p> <p>Regulert gangveg frå Hjellegjerde til Aursneset.</p> <p>Ny veg med fortau bygt til Tynes.</p> <p>Legge til rette for bustadbygging i heile kommunen. Større område for spreidd busetting.</p> <p>Innarbeide felles leikeplassnorm i alle arealplanar.</p>			

Skulemiljø – mobbing: MOT, Det er mitt val, haldningsskapande arbeid, helsesøstertilbod på skulane, Psykisk helse i skule (6 t. undervisning med helsesøster for 8. trinn). Læringsmiljøprosjekt på Vik skule og Sørestranda skule, samt Vik barnehage og Blakstad naturbarnehage 2018/2020.

Folkehelse- og miljøkonsekvensutgreiing i all sakshandsaming.

Energi- og klimaplan under revidering.

Eldreråd og råd for funksjonshemma.

Avlastningsplasser ved BUAS, korttidsavdelinga.

Ulike dagtilbod i pleie- og omsorgstenesta for personar med: demenssjukdom, utviklingshemming og eldre.

Barnerepresentant med ansvar for barn og unge sine interesser i plansaker.

1-200 frivillige lag og organisasjonar.

Natteravn-ordning i samband med Open Storhall .

Trimposter på mange turmål i heile kommunen.

Fotballskule i skuleferiar.

Skulefritidsordning (SFO) i alle barneskular.

6. Skader og ulykker

Ulykker som fører til personskade er ei stor utfordring for folkehelsa. Personskader som følgje av ulykker er nesten i same omfang som kreft, målt i tapte leveår. Ulykker med personskade tar relativt mange unge liv, og er den største dødsårsaka for personar under 45 år. Moglegheita for å førebygge er gode og effektar av tiltak kan kome raskt. Oversikt over kvar og når ulykker skjer også vidare, kan bidra til auka merksemd mot førebygging og meir treffsikkert tiltaksarbeid. (IS-2110)

Status: Skader og ulykker		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens												
Hoftebrot Tilfelle pr. 1000 innb. (FHI)	<p>Sykkylven Fylket Landet</p> <table border="1"> <tr> <td>2010-2012</td> <td>1,9</td> <td>2,0</td> <td>1,9</td> </tr> <tr> <td>2013-2105</td> <td>1,9</td> <td>1,8</td> <td>1,8</td> </tr> <tr> <td>2015-2017</td> <td>1,6</td> <td>1,7</td> <td>1,8</td> </tr> </table>	2010-2012	1,9	2,0	1,9	2013-2105	1,9	1,8	1,8	2015-2017	1,6	1,7	1,8	Aukande gruppe eldre gir forventa høgare tal. Utviklinga i Sykkylven varierer noko meir enn landet, utan at ein kan seie klart kva årsaka kan vere. Tal eldre har auka heile perioden.	Sjuehusinnlegging. Rehabiliteringsbehov.
2010-2012	1,9	2,0	1,9												
2013-2105	1,9	1,8	1,8												
2015-2017	1,6	1,7	1,8												
Trafikkulykker Skadde/omkomne (SSB)	<p>2018 - 3 ulykker, 4 personar skadd, ingen omkomne.</p>	Trafikksikkerhetstiltak har redusert tal trafikkulykker over hele landet.	Trafikkskadde kan vere ei ressurskrevjande pasientgruppe. Ofte er dette unge menneske. Alvorlege skader kan gi behov for døgntenester, tilrettelagt bustad, mm.												
Omsorgsberedskapsgruppe i Sykkylven	Grappa vart ikkje aktivert som gruppe i 2019.	Alvorlige ulykker og plutselig dødsfall. Kan variere mykje frå år til år.	Fremje meistring i ein akutt fase, dempe reaksjonar og symptom. Oppretthalde sosial fungering i oppfølgings-fasen og redusere sannsynet for problem seinare i livet.												
<p>Eksisterande helsefremmande og førebyggjande tiltak:</p> <p>Brannførebyggjande tiltak.</p> <p>Legevaktsordning i kommunen.</p> <p>Ambulanse er stasjonert i Sykkylven.</p> <p>Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) og beredskapsplan/kriseplan. Årleg oppdatering.</p> <p>Gode rutinar for kommunal brøyting og strøing.</p> <p>Røde kors hjelpekorps er etablert i kommunen.</p> <p>Skredkurs i regi av frivillige organisasjonar.</p> <p>Kvardagsrehabilitering i heimebasert omsorg.</p> <p>Omsorgsberedskapsgruppe ved sorg og krise.</p> <p>Korttidsavdelinga ved BUAS har plass til øyeblikkeleg hjelp, tar mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus for rehabilitering/vidare behandling og tilbyr avlasting for pasientar og pårørande.</p> <p>Alpin fjellredningsgruppe i kommunen.</p>															

7. Helserelatert åtferd

Med helsereelatert åtferd meiner ein helseåtferd som har vist seg å ha verknad på eit helseutfall. Dette kan til dømes vere fysisk aktivitet, ernæring og bruk av tobakk og rusmiddel. Helsereelatert åtferd kan også omfatte seksualåtferd og risikoåtferd som kan føre til skader og ulykker. (IS-2110)

Fysisk aktivitet har vel dokumentert verknad for helse. Auka stillesitting er ei aukande årsak til negativ helseutvikling.

Helsedirektoratet anbefaler barn og unge minimum 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag. Vaksne og eldre bør vere fysisk aktive i minst 150 minutt med moderat intensitet pr. veke. Enkle tiltak kan ha stor effekt.

Kommunen opplever eit oppsving i det enkle friluftslivet, utan at ein har god dokumentasjon. Deltaking i Fjøre til fjells har ført mange barnefamiliar meir ut. Ungdata og andre undersøkingar syner ei viss negativ utvikling for ein del helsereelaterte tilhøve, som snusbruk, overvekt blant unge, mm. Kvifor ein opplever god utvikling på nokre felt og motsett på andre er ei utfordring for kommunen.

Status: Helsereelatert adferd		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens																
Fysisk aktivitet	Ungdata 2017: Trenar aldri eller sjeldan: Sykkylven: 10% Norge: 12 % Trenar 3-4 gongar pr. veke: Sykkylven: 24% Norge: 23% Trenar meir enn 5 gongar pr. veke: Sykkylven: 41% Norge: 42% Grunneigarar melder om auka aktivitet ute i turområda, langs skogsveger og råser, ved parkeringsplassar.	Stamina har vore her i 10 år, med opp mot 1000 medlemmar for året. Fjøre til Fjells – turkonkurranse med også nærmare 1000 deltakarar starta i 2010. Turlaget Fjellhug har auka aktivitet seinare år. Det er in å vere ute - legge ut bileter av turar på sosiale medium. Nye idrettsaktivitetar for born, unge, vaksne og eldre – idrettens dag 2017 viste ca.35 ulike aktivitetar å delta i frå seniordans til bogeskyting.	Friskare befolkning, førebyggjande effekt, gode vanar.																
Overvekt Ungdom med kroppsmasseindeks (KMI) over 25. (FHI)	Overvekt og fedme ved 1.sesjon har auka meir enn landet og fylket. <table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2011</th> <th>2016</th> <th>2018</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Sykkylven</td> <td>23%</td> <td>29%</td> <td>28%</td> </tr> <tr> <td>Fylket</td> <td>23%</td> <td>25%</td> <td>25%</td> </tr> <tr> <td>Landet</td> <td>21%</td> <td>23%</td> <td>23%</td> </tr> </tbody> </table>		2011	2016	2018	Sykkylven	23%	29%	28%	Fylket	23%	25%	25%	Landet	21%	23%	23%	Auka tilgang til usunne produkt og betre økonomi.	Utvikling av livsstilssjukdomar på sikt.
	2011	2016	2018																
Sykkylven	23%	29%	28%																
Fylket	23%	25%	25%																
Landet	21%	23%	23%																
Røyking, kvinner andel i prosent (FHI)	Frå 2014 har andelen kvinner som røyker gått ned, men Sykkylven ligg framleis høgare enn fylket og landet. <table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2014</th> <th>2016</th> <th>2018</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Sykkylven:</td> <td>12,4</td> <td>9,3</td> <td>8,6 %</td> </tr> <tr> <td>Fylket:</td> <td>10,4</td> <td>7,4</td> <td>5,1 %</td> </tr> <tr> <td>Landet:</td> <td>10,0</td> <td>7,2</td> <td>5,0 %</td> </tr> </tbody> </table>		2014	2016	2018	Sykkylven:	12,4	9,3	8,6 %	Fylket:	10,4	7,4	5,1 %	Landet:	10,0	7,2	5,0 %	Innføring av røykeloven. Det er ikkje «in» å røyke lenger.	Nedgang gir mindre risiko for luftveissjukdom som astma, emfysem, bronkitt, KOLS, kreft og hjarte- karsjukdom, samt redusert dødelegheit.
	2014	2016	2018																
Sykkylven:	12,4	9,3	8,6 %																
Fylket:	10,4	7,4	5,1 %																
Landet:	10,0	7,2	5,0 %																

Snusbruk (Ungdata 2017)	Prosentdel ungdomsskuleelvar som snusar dagleg eller kvar veke. Sykkylven 5% Fylket 4% Landet 4%		
Rus (Ungdata 2017)	Ungdom som har vore tydeleg rusa siste år: Sykkylven: 15% Norge: 13% Brukt hasj i løpet av siste år: Sykkylven: 5% Norge: 3%		

Eksisterande helsefremmande og førebyggande tiltak:

Pleie- og omsorgstenesta gjennomfører eige prosjekt som kartlegger og innfører tiltak knytt til ernæring hos eldre.

Skulehelsetenesta: Vi har helsesøster til stades ved samtlege skular i kommunen. Samla ressurs er 3,1 st. fordelt på ungdomsskulen, vidaregåande skule og dei sju barneskulane. Her kan elevane kome innom med små og store problem utan å måtte avtale tid på førehand. Dei tilsette ved skulen kan drøfte bekymringar, og helsesøster kan vere med i møte med føresette. I tillegg til ordinært helseprogram har ein helsesamtalar med alle elevar i 8. trinn, undervisning om psykisk helse til 8. trinn og seksualundervisning i 9. trinn.

Helsestasjon for ungdom: Vi har open helsestasjon for ungdom ein ettermiddag i veka. Tilbodet er gratis og utan timebestilling på førehand. Ungdom kan her treffe helsesøster og lege og få råd og rettleiing om rus, røyk, alkohol, seksualitet, prevensjon, kjønnsjukdommar, psykiske problem, fysisk aktivitet og kosthald.

Sykkylven kommune er røykfri arbeidsplass.

Kommunen har frisktreningstilbod til sine tilsette.

8. Helsetilstand

Med helsetilstand meiner befolkninga si helse målt med ulike mål, til dømes risikofaktorar, førebyggbare sjukdomar, trivsel og mestringsressursar eller meir indirekte mål som sjukefråvær og liknande. (Veileder IS-2110)

Sykkylven kommune ligg nær landsgjennomsnittet på dei fleste helseindikatorane. Størst negativt avvik er på muskel- og skjelettplager der kommune ligg om lag 5% over landet. Årsaken vert gjerne sett i samheng med høg grad av industriarbeidsplassar.

Kommunen ligg over landssnittet i forventa levealder, og på hjarte- og karsjukdomar.

Status: Helsetilstand		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Helse generelt (Ungdata 2017)	Ungdom som er fornøgd med helsa si på ungdomstrinnet: Sykkylven: 65% Noreg: 59% På vidaregåande skule: Sykkylven: 57% Noreg: 64%		Å ta vare på helsa si som ung er av betydning for utvikling av livsstilssjukdomar seinare i livet.
Sjukefråvær lønnsstakarar 16-69 år (prosent) (SSB)	Legemeldt sjukefråvær var mellom det høgast i fylket i 2017: 2016 2017 2018 2019 Sykkylven: 6,1 6,0 6,0 6,2 Fylket: 5,2 5,4 5,4 5,7 Landet: 5,1 5,2 5,1 5,3		
Sjukdomsutvikling	Folk lever stadig lengre, får fleire kroniske lidningar samtidig.	Gode helsetilbud og sosiale ordningar. Bedre ivaretaking av egen helse.	Mangel på arbeidskraft til å ta vare på sjuke og eldre. Folk må ta større ansvar for eiga helse.
Muskel- og skjelettplager (NAV 2017)	Muskel- og skjelettlidningar utgjer 45 % av alle sjukemeldingar, og er den største årsaka til sjukemeldingar i Sykkylven. For Norge var talet 39,3%. Sykkylven ligg i snitt 4,8% over landet siste 5 åra.	Einsarta næringsliv med høg grad av arbeidsplassar i møbelindustrien kan vere ein del av årsaksbildet. Meir generelle grunnar kan vere arbeidsmiljø, psykososiale forhold, sosioøkonomisk status, fysisk aktivitet, kosthold, overvekt, mm. Faktorar som også kan spele inn er at fleire blir operert og det er kortare liggetid på sjukehus.	Eit stort folkehelseproblem Gir fleire leveår med nedsett funksjon. Uføretrygd. Lange ventelister for kronisk sjuke og andre ventelistepasientar hos fysioterapitenesta.
Muskel og skjelettplager 0-74 år (per 1000 innbyggjar) (FHI)	2016-2018 Sykkylven: 271 Fylket: 260 Landet: 239		
Kreftdødelegheit per 100 000 innbyggjar 0-74 år (FHI)	2009-2018 Sykkylven (menn): 134,5 Sykkylven (kvinner): 90,3 Fylket (menn): 107,8 Fylket (kvinner): 97,6 Landet (menn): 114,7 Landet (kvinner): 102,9	Kreftdødelegheita blant menn i Sykkylven er signifikant høgare enn landssnittet, medan kvinnene ligg under snittet. Vi veit ikkje årsaka til dette.	
Psykiske helse (vanskar) (NAV 2017)	Del sjukefråvære grunna psykiske lidningar: Sykkylven 13% Norge 20 % Sykkylven ligg i snitt 5% under landet siste 5 åra.	Kommunen har ei godt utbygd rus- og psykiatriteneste, som gjer at ein kan gi oppfølging samtidig som dei klarer å stå i arbeid. Tidlegare innsats.	

	Del elevar ved vidaregåande skule som opplever depressive symptom: Sykkylven: 24% Noreg: 17% (Ungdata 2017)	I har eit godt utbygd tilbod som gjer at vi har auka fokus på slike tilstandar blant elevane. Dette kan ha innverknad på rapporteringa.																																													
Psykiske symptom og lidingar 0-74 år (15-29 år) per 1000 innbyggjar (FHI 2020)	<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2013-2015</th> <th>2016-2018</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Sykkylven:</td> <td>132 (128)</td> <td>150 (153)</td> </tr> <tr> <td>Fylket:</td> <td>137 (137)</td> <td>146 (161)</td> </tr> <tr> <td>Landet:</td> <td>145 (146)</td> <td>154 (166)</td> </tr> </tbody> </table>		2013-2015	2016-2018	Sykkylven:	132 (128)	150 (153)	Fylket:	137 (137)	146 (161)	Landet:	145 (146)	154 (166)																																		
	2013-2015	2016-2018																																													
Sykkylven:	132 (128)	150 (153)																																													
Fylket:	137 (137)	146 (161)																																													
Landet:	145 (146)	154 (166)																																													
<p>Trivsel og mestring</p> <p>Prosentdel ungdomsskuleelevar som er plaga av depressive symptom. (Ungdata 2017) (Elevundersøking 2016)</p>	<p>Mange faktorar påverkar trivsel og mestring og medfører risiko for dårlegare helse.</p> <p>Tal viser at ungdom har det bra, men at psykiske plager blant ungdom i Sykkylven, ligg noko over fylkes- og landssnittet</p> <p>Sykkylven 16 % Fylket 13 % Landet 13 %</p> <p>Generelt er det ein høgare del jenter enn gutar som er plaga av depressive symptom.</p> <p>Elevundersøkinga 2019:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>7. trinn</th> <th>Sykk</th> <th>Fylket</th> <th>Landet</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Trivsel</td> <td>4,2</td> <td>4,2</td> <td>4,3</td> </tr> <tr> <td>Meistring</td> <td>4,0</td> <td>4,0</td> <td>4,0</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <th>10. trinn</th> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Trivsel</td> <td>3,8</td> <td>4,2</td> <td>4,1</td> </tr> <tr> <td>Meistring</td> <td>3,8</td> <td>3,9</td> <td>3,9</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <th>Vg1</th> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Trivsel</td> <td>4,5</td> <td>4,3</td> <td>4,3</td> </tr> <tr> <td>Meistring</td> <td>4,1</td> <td>4,0</td> <td>4,0</td> </tr> </tbody> </table>	7. trinn	Sykk	Fylket	Landet	Trivsel	4,2	4,2	4,3	Meistring	4,0	4,0	4,0					10. trinn				Trivsel	3,8	4,2	4,1	Meistring	3,8	3,9	3,9					Vg1				Trivsel	4,5	4,3	4,3	Meistring	4,1	4,0	4,0	<p>Generasjon prestasjon?</p> <p>Mange barn og unge stiller svært høge krav til seg sjølv og eigne prestasjonar. Å framstå som vellukka er viktig, på mange område.</p>	<p>Stress, lite søvn, depresjon, angst, etc. er moglege konsekvensar.</p>
7. trinn	Sykk	Fylket	Landet																																												
Trivsel	4,2	4,2	4,3																																												
Meistring	4,0	4,0	4,0																																												
10. trinn																																															
Trivsel	3,8	4,2	4,1																																												
Meistring	3,8	3,9	3,9																																												
Vg1																																															
Trivsel	4,5	4,3	4,3																																												
Meistring	4,1	4,0	4,0																																												
Tannhelse Prosentdel som aldri hatt hol (kariesfri) etter alder. (Fylkestannhelsetenesta)	<p>2016:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Alder</th> <th>3</th> <th>5</th> <th>12</th> <th>18år</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Sykkylven</td> <td>94</td> <td>72</td> <td>43</td> <td>9</td> </tr> <tr> <td>Fylket</td> <td>94</td> <td>82</td> <td>56</td> <td>19</td> </tr> <tr> <td>Landet</td> <td>94</td> <td>80</td> <td>59</td> <td>14</td> </tr> </tbody> </table> <p>Sykkylven 2017</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>88</th> <th>80</th> <th>48</th> <th>10</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Alder	3	5	12	18år	Sykkylven	94	72	43	9	Fylket	94	82	56	19	Landet	94	80	59	14		88	80	48	10						Auka fokus på kosthald, god førebyggjande innsats.	<p>God tannhelse kan spare den einstilte og samfunnet for ei rekke smerte og kostnader knytt til sjukdom og behandling.</p> <p>Fine tenner har betydning for den einstilte sitt sjølvbilete. som igjen har betydning for sosial deltaking osv.</p>														
Alder	3	5	12	18år																																											
Sykkylven	94	72	43	9																																											
Fylket	94	82	56	19																																											
Landet	94	80	59	14																																											
	88	80	48	10																																											

Eksisterande helsefremmande og førebyggande tiltak:

Auka fokus på at alle i Sykkylven skal vere meir fysisk aktive, har ført til eit høgare aktivitetsnivå i befolkninga samt auka bevissthet rundt fysisk helse.

Aktivitetsvenn for personer med demens, det er starta eit prosjekt ved Sykkylven Bu- og aktivitetssenter, Heimetenestene Distrikt skal også vere med etter kvart.

Samarbeid mellom Sykkylven kommune, Sykkylven Helselag og Handelsforeininga om å skape eit demensvennlig samfunn.

Det er etablert pårørandeskule med undervisning/retteleiing frå Demensteamet ilag med Stranda, Norddal og Stordal.

Kreftkoordinator som er eit lågterskeltilbod til personar (og pårørande) som har eller har hatt kreft.

Pleie- og omsorgstenesta gjennomfører eige prosjekt som kartlegg og innfører tiltak knytt til ernæring hos eldre.

Sykkylven er MOT-kommune.

Auka satsing på skulehelsetenesta og auka helsesøsterbemanning.

Eige helseprosjekt retta mot flyktningar.

